



Fylkesmannen i Hordaland - Utdanningsavdelinga  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/299 - 14/7735

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

04.07.2014

## Gjeld klage på avslag - søknad om fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg

Stine O. Karlsen og Ole Magnus Dalland har søkt om fri skyss grunna særleg farleg skuleveg for sonen deira, Magnus Osa Dalland, f. 21.02.07. Skulevegen går frå heimen, Dalland 40, via Dallandsvegen, Hellandsvegen og Radøyvegen til Manger skule. Rådmannen har i skriv av 17. juni gjeve avslag på søknaden, og søkjarane har i skriv av 18. juni klaga på vedtaket. Opphøveleg søknad, rådmannen sitt vedtak og klagen ligg ved dette skrivet.

Kommunen har gjennom ein prosess som vart sluttført i kommunestyret, gjort vedtak om at strekninga ikkje er særleg farleg eller vanskeleg. Vedtaka byggjer på innstilling frå ei nemnd. Eit moment i denne vurdering var at fylkesmannen ikkje hadde gjeve søkjarane medhald i at dei hadde særleg farleg skuleveg i ei sak som gjaldt barneskuleelevar frå Tveiten med skuleveg til Manger.

Udir-3 – 2009 krev at vi vurder desse momenta på skulevegen til Magnus:

Trafikktettleik - årstdøgntrafikken varierer frå 2300 personbilekvivalentar langs Radøyvegen (om lag 1.2 km) via 900 langs Hellandsvegen (1,8 km) til minimal langs Dallandsvegen. Nær skulen er det om lag 400 m fortau/gangsti. Underteikna talde trafikken frå krysset Dallandsvegen/Hellandsvegen mot Manger fredag 13.06, frå 07.20 til 08.20, i alt 72 bilar. Av dette var tre bussar og to lastebilar.

Vegdekket - asfalt i normalt dårleg stand (slik som tilstanden elles på Radøy).

Breidda - vegen er i hovudsak smal

Vegskulder - for det meste smal

Fotgjengarovergang - finst ikkje.

Fartsdumpar - finst ikkje

Lys – viser til omtalen i klagen/søknaden .

Generell sikt - standard landeveg, dvs. skiftande.

Fartsgrense - 50 km/time på det meste av strekning, men 80 km/t langs deler av Radøyvegen/Hellandsvegen, i alt om lag 1,5 km.

Endringar - tilhøva vil endra seg gjennom året slik som på andre vegstrekke.

Eleven - Magnus er fødd i 2007, elles ingenting særleg å merka.  
Avgjerdsla her er ikkje opplagt. Det er klart at det meste av vegnettet på Radøy har ein slik karakter at fotgjengarar vil oppleve det som farleg. Kravet for fri skyss er likevel at vegen skal vera særleg farleg.

Rådmannen heldt såleis fast på vedtaket sitt om ikkje å innvilga fri skyss.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke  
kommunalsjef oppvekst

Helge Vallestad  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Stine O. Karlsen og Ole Magnus  
Dalland

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland -  
Utdanningsavdelinga

Postboks 7310 5020

BERGEN